


Bruksanvisning – Endringskart KPA 1. gongs høyring til 2.gongs høyring

Gå inn på kommunen si heimeside <https://kinn.kommune.no/> , og vel fana kart




Gå inn på arealplanar

Her finn du oversikt på våre kartklientar. Etter kvart kjem vi også med ei oppskrift på korleis du nyttar kartklientane.



Kinn kartportal [↗](#)

Dette er kommunen sin opne kartportal. Her får du tilgang til kommunen sine kartdata og flybilde.




Arealplanar [↗](#)

Reguleringsplanar, bebyggingsplanar, kommunedelplanar, kommuneplan, og [kommunen sitt planregister i arealplaner.no](#) [↗](#). Både planar under arbeid, på høyring, vedtatte og oppheva vil du finne her. [Informasjonsskriv om arealplaner.no finn du her](#) (PDF, 136 kB).


Zoom litt inn (bruk enten musa, eller + tasten til høyre), enten på Måløy eller Florø og vel kartlag



Skroll ned på kartlag og vel Endringskart KPA 1. til 2.g.høyring.




Her får du opp fire lag. Desse laga heiter «Merknader», «Redusert areal», «Uendra areal» og «Økt areal». Laga kan du skru av og på med å trykke på auget til høgre for laget.




Endringskartet er ikkje interaktivt, så du får ikkje fram noko informasjon ved å trykke på til dømes merknadane i kartet. Dei blå prikkane som representerer merknadane gir derimot eit godt bilete over kor det har kome innspel til 2.gongs høyringa.

Når det kjem til areala i kartet som er farga med raudt, gult og grønt, så skal desse gje informasjon om korleis endringar som er gjort mellom 1. og 2.gongs høyringa. Dei raud areala representerer areal som er tatt ut av planen. Dette vil si areal som ved fyrste høyring låg som eit eller anna byggeføremål, men som ved andre høyring er føreslått til LNF-føremål eller BSV (bruk og vern i sjø og vassdrag). Med byggeføremål meinast her alle andre føremål på land som ikkje er LNF, samt føremål for akvakultur og småbåthamn. Denne definisjonen gjeld også for dei andre fargane.



Til dømes kan ein zoome inn til Kvalheim kor ein ser fleire rauda areal.



Tar ein her på Kartlaget som heiter Kommuneplan på høyring 1.g kan ein sjå at det under desse raude areala låg areal føreslått til LS-føremål. Slår ein deretter av dette laget, og heller ta på laget som heiter Kommuneplan på høyring. Så ser ein at det same arealet no ved 2.gongs høyring er føreslått som LNF. Vi ser altså ein reduksjon i byggeføremål frå fyrste til andre høyring, og derav den raude fargen.



Dei gule areala representerer areal som er uendra. Med dette meinast areal som var føreslått som byggeføremål ved fyrste høyring, og som også er føreslått som byggeføremål ved andre høyring. Innafor dei gula areala vil ein ha område som kan ha fått nye føremål mellom fyrste og andre høyring, men dei nye føremåla vil framleis være byggeføremål som definert tidlegare. Til dømes kan ein ha areal som ved første høyring var føreslått til næring, men som no er føreslått til KBA (kombinert bygge og anleggs føremål, inkludert næring). Eller at ein har område som var føreslått til LS (spreidd bustadbygging) ved fyrste høyring, men no ved andre høyring er føreslått til bustad. Under kan ein sjå eit døme over Djupevika. Kor ein på bilete til venstre ser at arealet er merka som gult, altså uendra areal. Likevel ser vi at vi har fått ein føremålsendring frå næring til KBA mellom fyrste og andre høyring på deler av arealet.



Dei grøne areala er område som ein har teke inn i planen. Dette er område som ved fyrste høyring var avsett til enten LNF eller BSV, og som no ved andre høyring har fått eit byggeføremål som definert over. Om ein tar akvakultur lokaliteten vest for Hovden som døme, så kan ein sjå at innafor det grøne arealet så var området føreslått som BSV ved fyrste høyring. Medan det ved andre høyring er føreslått til akvakultur.

